

FOLKELISTA OG VEGING AV RESTAVFALL

Hareid kommunestyre har vedteke ei anna form for bosavgift enn dei andre samarbeidskommunane i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR). I Hareid har vi ikkje innført avgift på bakgrunn av veging av restavfallet, sjølv om SSR har lagt til rette for det. Dei andre kommunane i SSR betalar no ut frå vekta på boset.

Sidan fleire lurer på kvifor Hareid ikkje ”fylgjer straumen” og innfører avgift etter kilopris, vil Folkelista med dette gjere greie for nokre moment for kvifor vi gjekk mot avgift etter veging.

Dagleg leiar i SSR har uttalt at kommunane sjølvsagt står fritt til å innføre veging eller ikkje. Ulik praksis på dette området fører ikkje til noko problem for SSR, hevdar han. Det er såleis ikkje knytt praktiske problem til å avvike frå veginga. Ein kan heller ikkje sjå at dette kan vere nokon kime til samarbeidsproblem innanfor SSR i framtida.

Bosordninga er i utgangspunktet ei sjølvfinansierande, sosial ordning, der avgifta som innbyggjarane betaler inn, skal dekkje kostnadene. Husstandane deler likt på utgiftene. Unntak her er dei som leverer berre kvar fjortande dag, og som difor får noko redusert avgift.

Avgift etter vekt er etter vårt syn ei usosial ordning, som gjev husstandar som av ulike grunnar har mykje avfall, høgare avgift. Vi menneske går gjennom ulike fasar i livet, og ”produksjon” av avfall varierer med livssituasjon og storleik på husstanden. Avgift etter vekta på boset stimulerer til konkurranse om å redusere eige avfall meir enn ”naboen”. Men for å få redusert avgift, er ein avhengig av at ikkje alle er like flinke til å redusere avfalls mengda. Reduserer **alle** bosmengda monaleg, må SSR truleg auke kiloprisen, og ein er kan hende like langt når det gjeld avgiftsnivå. Reduksjon av avfalls mengda der redusert avgift er drivkrafta, kan såleis ha kortvarig effekt i tillegg til at ho fungerer usosialt.

Vi er alle samde om at avfalls mengda må reduserast til eit minimum. Mengda av restavfall har gjennom åra vorte redusert ved innsamling/sortering av papir, plast med meir. Dette har vi fått til utan veging av boset. For å oppnå ein vidare reduksjon av restavfallet, må vi halde fram med å legge til rette for, og ikkje minst informere om, sortering av ulike og fleire sortiment. Vi trur det best kan gjerast ved å auke kunnskapen om miljøproblema som avfall fører til. Ei slik bevisstgjering kan gje ein meir varig effekt på reduksjon av restavfallet, enn det ei kortsiktig og usosial ordning som veging kan inspirere til.

Folkelista for Hareid kommune,
kommunestyregruppa